

Til ein avliden ven.

Tone:Å,tenk på Gud.

Gud løne og velsigne Deg.

Du strøydde blomar på min veg

då han var tung å fara.

Du tok Deg av meg som ei mor.

Du synte kristenkjærleik stor.

Og ei ditt offer spara.

Me saknar Deg so sårt,so sårt.

Og tårer vater auga vårt

Når Du kjem fram i minnet.

Eg veit det kjennest tyngst av deim

Der inne i din eigen heim,

med sakn og sorg i sinnet.

Med takk til Gud for alt Du gav,

eg bøygjer kne her ved di grav,

og glad din kjærleik minnast.

So søv då,mor, i blidan blund.

Det vert no berr' ei liti stund,

so skal me atter finnast.

Johs.M.L.Rydland.